

FINANSDEPARTEMENTET  
Postboks 8008 DEP  
0030 OSLO

Sakshandsamar  
Liv Tystad

Vår dato  
03.02.2025

Dykkar dato  
18.11.2024

Dykkar ref.

## Høyringsvar - NOU 2024: 22 Norske sparebanker – tradisjon og tilpasning

Vi viser til Finansdepartementets høyringsbrev av 18. november 2024, der NOU 2024: 22 *Norske sparebanker – tradisjon og tilpasning* vart sendt på høyring.

Stiftelsestilsynet vil med dette kome med innspel til utgreiinga. Våre innspel vil i all hovudsak knyte seg til omtalen og forslaga som gjeld sparebankstiftelsane.

### 1. Generelt

Stiftelsestilsynet støttar Sparebankutvalets forslag om å samle føresegnene i finansforetaksloven om finans- og sparebankstiftelsar i eit nytt kapittel 12A, og viser til utvalets grunngjeving for dette.

Sparebankutvalet ser ingen grunn til å endre på dagens utgangspunktet i finansforetaksloven § 12-19 andre ledd første punktum, om at når anna ikkje følgjer av føresegner gitt i eller i medhald av finansforetaksloven, gjeld føresegnene om næringsdrivande stiftelsar i stiftelsesloven også for finansstiftelsar.

Utvalet seier vidare at på dei punkta der finansforetaksloven skal ha andre føresegner enn stiftelseslovens ordinære føresegner, må dette kunne grunngjevast i at det er særskilt behov for eigne føresegner for sparebankstiftelsar. Vi støttar dette synspunktet, idet vi meiner det er eit viktig prinsipielt utgangspunkt for å kunne forstå den interne samanhengen mellom desse to lovene.

Etter Stiftelsestilsynets meining er det grunn til å tone ned forskjellane mellom sparebankstiftelsar og ordinære stiftelsar. Innhaldet i utgreiing kan gi inntrykk av at sparebankstiftelsar er spesielle med tanke på tilsyn. Til det vil vi kort kommentere at det ikkje er særskilt for desse stiftelsane å vere underlagt andre lover og tilsynsorgan enn stiftelsesloven og Stiftelsestilsynet. Som døme på andre stiftelsar som må halde seg til fleire regelverk og tilsynsorgan, kan nemnast stiftelsar som driv helseinstitusjonar, barnehagar og skular.

Stiftelsestilsynet verdset at utvalet på side 170 løftar fram lovforarbeid (Ot.prp. nr. 75 (2008–2009)) som gjer det klart at vedtak som styret i stiftelsen fattar, må gjerast på bakgrunn av ei sjølvstendig vurdering ut frå stiftelsens interesser, og ikkje bankens:

*[...] stiftelsens formål ikke er å hjelpe finansinstitusjonen, men å fremme sitt eget formål som følger av vedtektene, og at det i utgangspunktet vil være stiftelsen uvedkommende om finansinstitusjonen trenger kapital. Det vil imidlertid påvirke stiftelsen på lik linje med andre eiere at institusjonen går bra. Dette fordi det er i stiftelsens interesse, og ikke institusjonens som sådan.*

Dette er med på å styrke og tydeleggjere det særeigne ved stiftelsar som organisasjonsform. Erfaringa vår er at det hos mange styremedlemmar rår ei misoppfatning av at styremedlemmen kan/skal ta omsyn til andre interesser enn stiftelsens. Dette kan vere interessene til den som har valt styremedlemmen, eller til personar/organisasjonar som er omfatta av stiftelsens formål. Det er derfor viktig med påminningar om at eit styremedlem berre kan ta omsyn til stiftelsens interesser ved utøvinga av styrevervet.

## 2. Generalforsamling (stiftelsesråd) kontra anna organ

I kapittel 12.4, som handlar om sparebankstiftelsane sine organ, seier Sparebankutvalet i samband med omtalen av generalforsamlinga følgjande:

*Sparebankstiftelser skiller seg på dette punktet fra stiftelser som reguleres av stiftelsesloven. I stiftelser regulert av stiftelsesloven er styret stiftelsens øverste organ i alle saker, jf. stiftelsesloven § 30 første ledd.*

Etter vår meining kan dette gi eit noko feilaktig inntrykk av ulikskap mellom sparebankstiftelsar og ordinære stiftelsar på dette området. Styret i ordinære stiftelsar er ikkje nødvendigvis øvste organ i «alle saker», idet stiftelsesloven § 36 opnar for at nokre avgrensa oppgåver kan leggjast til eit anna organ i vedtektene. Som for sparebankstiftelsar omfattar dette viktig oppgåver. Her kan kort nemnast val av styret, val av revisor, vedtak om omdanning (avvikling og samanslåing), tilsyn med stiftelsens verksemd og vedtak om gransking av stiftelsen.

Sjølv om finansforetaksloven set krav om at oppgåva må leggjast til generalforsamlinga, er forskjellen til dei mange stiftelsane som har eit anna organ (ofte kalla representantskap, råd, årsmøte og generalforsamling), ikkje så stor. Både for sparebankstiftelsane og dei ordinære stiftelsane er det slik at generalforsamlinga / anna organ berre er tillagt avgrensa oppgåver. For begge kategoriar stiftelsar ligg «restkompetansen» (all kompetanse som ikkje ved lov eller vedtekter er lagt til andre) til styret.

Vi viser til note 13 på side 161 i utgreiinga, og støttar resonnementet Gudmund Knudsen har rundt problemstillinga om det er generalforsamlinga eller styret som er øvste organ i ein sparebankstiftelse.

Uavhengig av korleis gjeldande rett er å forstå, synest gode grunnar å tale for at styret i framtida bør vere øvste organ i sparebanksstiftelsane. I denne samanheng er det interessant at Sparebankutvalet foreslår at det skal stillast strengare lovkrav til styremedlemmar enn til medlemmar av stiftelsesrådet (generalforsamlinga), jf. forslaget til ny § 12A-8.

## 3. Utviding av inhabilitetsføresegna

Utvalet fremjar forslag om at stiftelsesloven § 37 andre ledd første punktum bør føyast til i forslaget til ny § 12A-3 tredje ledd. Inhabilitetsføresegna i stiftelsesloven § 37 andre ledd første punktum er sær eigen. Stiftelsestilsynet vil gi si tilslutning til utvalets forslag. Sjølv om inhabilitetsføresegna i stiftelsesloven § 37 andre ledd er sær eigen for stiftelsar, kan vi ikkje sjå at det er særlege tilhøve som tilseier at lovreguleringa av inhabilitet skal vere ulik for finans- og sparebankstiftelsar og ordinære stiftelsar.

Vi gjer merksam på at det ser ut til å vere nokre skrivefeil i sjølve forslaget til ny § 12A-3 tredje ledd på side 263 [vår understreking]:

*(3) Stiftelsen skal ha et styre som er valgt av stiftelsesrådet i samsvar med de grupper som er representert i stiftelsesrådet. Stiftelsen skal ha daglig leder i samsvar med stiftelsesloven § 34 første ledd annet punktum som er tilsatt av styret. Allmennaksjeloven §§ 6-27 til 6-34 og stiftelsesloven § 37 første ledd annet punktum gjelder tilsvarende.*

Slik vi forstår utvalets omtale av denne føresegna, gjeld tilvisinga stiftelseslova § 37 «annet ledd første punktum».

## 4. Delegering av utdelings- og avslagskompetanse

Sparebankutvalet fremjar i ny § 12A-9 og ny § 12A-10 forslag om at styret på visse vilkår kan gi dagleg leiar fullmakt til å foreta utdelingar og avslå søknadar om utdeling. Utvalet viser til Stiftelseslovutvalets forslag i NOU 2016: 21. Stiftelsestilsynet støttar desse forslaga.

Bakgrunnen for at Stiftelseslovutvalet kom med sine forslag i 2016, var innspel frå ordinære stiftelsar om at dei hadde behov for å kunne delegera utdelings- og avslagskompetanse til dagleg leiar. Dette behovet har ikkje endra seg sidan den tid. Ideelt sett burde disse føresegnene derfor ha blitt tatt inn i stiftelsesloven, og på den måten blitt gjeldande for finans- og sparebankstiftelsane ved den generelle tilvisinga til stiftelseslovens føresegner.



## 5. Plan for formål og plan for kapitalforvaltning

Sparebankutvalet er positive til Stiftelseslovutvalets forslag om at styret skal utarbeide plan for formål og plan for kapitalforvaltning, men fremjar ikkje forslag om å ta slike føresegner inn i finansforetaksloven.

Ut frå omtalen i utgreiinga kan det synast som det i dag ikkje er noko krav om å ha slike planar. Etter Stiftelsestilsynets oppfatning inneberer kravet til forsvarleg forvaltning etter stiftelsesloven at gjeldande rett allereie set krav om slike planar.

Dette vert formidla på ulike måtar, og på nettsidene våre står følgjande om plan for formålet:

*For å kunne gjennomføre formålet på ein god måte, er det viktig at styret har ein plan for korleis dette skal gjerast. Det er Stiftelsestilsynets klare tilråding at alle stiftelsar bør skrive sine standpunkt i ein plan eller strategi. Ein plan vil også sikre notoritet rundt styrets vurderingar slik at det blir enklare å dokumentere at styrets disposisjonar har vore forsvarlege. Innhaldet i planen kan vere noko ulik relatert til stiftelsens art og storleik, og kan dermed tilpassast den enkelte stiftelse etter behov.*

Om plan for kapitalforvaltning står mellom anna følgjande på nettsidene:

*For å kunne forvalte stiftelsen og sikre formålsrealisering i eit langsiktig perspektiv, er det viktig at styret utarbeider ein plan med strategi for kapitalforvaltninga. Planen utgjør eit viktig grunnlag i stiftelsens styringsverktøy. Planen må utarbeidast i samsvar med både lov og vedtekter, samt ta omsyn til korleis formålet til stiftelsen skal realiserast.*

I tilknytning til dette vil vi også vise til det som utvalet skriv på side 162-163 i utgreiing, og som vi meiner gir støtte for at det allereie må vere eit krav om plan for kapitalforvaltning i stiftelsar, i alle fall i stiftelsar med ein storleik som den sparebankstiftelsane har:

*Det er et lovkrav at sparebankstiftelser skal forvalte sin kapital på forsvarlig måte, jf. finansforetaksloven § 12-22 første ledd siste punktum. Kravet om forsvarlig kapitalforvaltning må ses i sammenheng med stiftelsesloven § 18, hvor det fremgår at stiftelsens «kapital skal forvaltes på en forsvarlig måte, slik at det til enhver tid tas tilstrekkelig hensyn til sikkerheten og mulighetene for å oppnå en tilfredsstillende avkastning for å ivareta stiftelsens formål». I stiftelseslovens forarbeider presiseres det at «krav til forsvarlig forvaltning, rekker ut over selve det å foreta en plassering av stiftelsens midler. Det retter seg også mot vedlikehold m.v, f.eks hvor den innskutte grunnkapitalen består i et hus». Forvaltningen av stiftelsens kapital skal legge til rette for at stiftelsens vedtektsfestede formål kan opprettholdes. For sparebankstiftelser må derfor alt av stiftelsens kapital forvaltes slik at stiftelsen skal være i stand til å videreføre sparebanktradisjonene og være en langsiktig og stabil eier i banken.*

Om det er ønskeleg med ytterlegare utdjujing av innspela ovanfor, må de gjerne ta kontakt.

Med helsing

Liv Tystad  
spesialrådgivar jurist

Siw Heggedal Longvastøl  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*